

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

**Dykkar referanse**

**Vår referanse**

**Dato**

2025/1731-4

10.10.2025

## Høyringsinnspel til planprogram for verdiskaping og kompetanse frå Austevoll kommune

Austevoll kommune har eit attraktivt marint og maritimt cluster av næring, utdanning og forskning, og plan for verdiskaping og kompetanse er viktig for oss. Vi er den leiande marine/maritime kommunen i Vestland, med havforskningsinstituttet som eit viktig forskingsmiljø i Austevoll, nærleik til utdanning innan maritime fag, akvakultur og fiskeri, samt eit næringsliv som er tett på begge institusjonar. Vidare har entreprenør, - handel og særskilt reiseliv hatt svært positiv utvikling dei siste åra.

I 2025 vart Austevoll kommune nr. 1 i Vestland i NHO sitt kommune-NM, og nr. 6 i Noreg.

Ein føresetnad for at vårt næringsliv skal vere konkurransedyktig og ha evne til omstilling i åra framover, er nettopp rett kompetanse, men òg tilgang til næringsareal og infrastruktur som veg/ transport og energi.

Transport og vegnett er ein flaskehals for å behalde og utvikle næringslivet i Austevoll. Sikker og god infrastruktur må vere på plass for å skape vekst og utvikling og gje rom for berekraftig verdiskaping.

Framdrifta av planprogram for areal og mobilitet skal gå parallelt med plan for verdiskaping og kompetanse, men verdiskaping synes å vera eit meir underordna tema i plan for areal og mobilitet. Vi meiner derfor at tema som tilgang til næringsareal, energi og transport burde vore særskilte tema i plan for verdiskaping og kompetanse og ikkje berre i plan for areal og mobilitet, og oppmodar om at desse temaområda også vert teke inn i denne planen.

Planprogrammet framstår diffus, spesielt innanfor kva rammer som skal gje grunnlag for framtidig utvikling av eksisterande næringar og framtidige næringar og korleis dette skal gjerast.

Planen bør bli tydelegare på Vestland sine fortrinn. Her er planprogrammet for utydeleg. Det er godt kjent at vi må ta omsyn til klima, miljø og sirkulærøkonomi. Planen er konkret i høve til tema kompetanse og inkludering, men vi synes det er vanskeleg å sjå frå planprogrammet kva som er målet til Vestland fylkeskommune når det gjeld verdiskaping.

Med helsing

**Austevoll kommune**



Bente Kari Sletten Taranger  
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent.